

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	07.11.2013	349/13	HAS

Sakshandsamar: Hogne Askeland	Arkiv: GBNR-87/21 Objekt:	Arkivsaknr 13/783
--------------------------------------	--	-----------------------------

Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om utsleppsløve/tilkopling til offentlig vassverk - ansvarsrettar - godkjenning

etter plan- og bygningslova § 20-1

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.06.2013	Lindås rør og sanitær	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg
2	I	26.06.2013	Kent-Jonny Madell	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om utsleppsløve - vedlegg til søknad
3	I	30.06.2013	Kent - Jonny Madell	Gnr 87/21 Sæbø Indre - vedlegg til søknad - fråsegn
4	U	14.08.2013	firmapost@lindas-ror.no,; heine@lindas-ror.no,	87_21 Sæbøvågen 60, Kent Madell, tilkopling til offentlig vatn.
5	I	18.09.2013	Lindås rør og sanitær	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om tilknytning og utsleppsløve
7	U	20.09.2013	Kent-Jonny Madell	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om utsleppsløve - godkjenning - oversending
9	I	22.09.2013	Kent Madell	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Gjenpart av nabovarsel
8	I	23.09.2013	Kent-Jonny Madell	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om utsleppsløve - Fråsegn frå heimelshavar
10	I	30.09.2013	Lindås rør og sanitær	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om ansvarsrett og samsvarserklæring
12	U	07.11.2013	Kent-Jonny Madell	Gnr 87/21 Sæbø Indre - Søknad om utsleppsløve - ansvarsrettar - godkjenning - oversending

Adresse : **Sæbøvegen 60**
Tiltakshavar : Kent Madell
Ansvarleg søker : Lindås Rør & Sanitær as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 291/13, datert 20.09.13 gjeve utsleppsløyve for gråvatn frå eigedom gnr.87 bnr.21. Eigedommen skal knytast til offentleg vassverk, og det vert no søkt om ansvarsrett for prosjektering og utføring av arbeida.

Det vert elles vist til søknad mottatt 30.09.13.

Planstatus

Tiltaket ligg innafor området som i kommuneplan for Radøy kommune er definert som LNF-område. Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Nabosamtykke

Det ligg føre fullmakt, datert 22.09.13., frå eigar av gnr.87 bnr.6 for framføring av leidning over denne eigedommen.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 21.06.13.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Lindås Rør & Sanitær as** org.nr. 935347920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering tilkopling offentleg vatn.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Lindås Rør & Sanitær as** org.nr. 935347920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring tilkopling offentlig vatn.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vedtaket:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 29-3 vert det GODKJENT søknad om ansvarsrettar som omsøkt for tilkopling til offentlig vatn på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAKE	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Lindås Rør & Sanitær as org.nr. 935347920	S	PRO	1	Prosjektering tilkopling offentlig vassverk
Lindås Rør & Sanitær as org.nr. 935347920	S	UTF	1	Utføring tilkopling offentlig vassverk

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage

Enkeltvedtak kan etter forvaltningslova klagast på innan tre veker frå mottak, jf forvaltningslova § 29. Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følge av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 11.2.6	Basisgebyr småsak	kr	2 300,00
SUM		kr	2 300,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: **13/783**

Tonje Nepstad Epland
leiar plan, oppmåling og byggesak/ Jur. rådgj.

Hogne Askeland
Prosjektkoordinator

Kopi til:

Kent-Jonny Madell
Lindås rør og sanitær

Vestlivegen 30A
Burkhovdane 1

5260 INDRE ARNA
5914 ISDALSTØ

